



**Landbruk**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Ove G Hvidsten

Håland  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Nils Kaalaas

Vår ref.

2007/1190 - 0 -  
11046/2011

Telefon

56 37 56 31

Arkivkode:

143/1

Dato:

15.04.2011

*Delegert sak handsama av avdelingsjefen*

## Jord/steintipp - gnr 143/1 Håland

Dokument

Brev/søknad innkome 11.04.2011

Søknaden

Det vert søkt om vidareføring av løyve til å etablere ein stein/jordtipp gjeve av Lindås kommune den 20.06. 2007

Vurdering

Det vart gjeve løyve til planering på 2 av dei 3 områda det vart søkt om.

Løyvet vart gjev under føresetnad av at det vart laga plan for arbeidet og ein kan ikkje sjå at det er kome inn noko plan til denne tid. Det som er meint med plan er at det skal utarbeidast profilar som syner terrenget i dag og korleis det vil vera etter at tiltaket er slutført.

Vedtaket var som følgjer:

*Ove G. Hvidsten får løyve til å ta imot stein- og jordmassar for å heva jordbruksarealet på ca. 2 daa på gnr. 188, bnr. 6. Dette gjeld teig 1 og 2. Det vert sett følgjande vilkår:*

- Det skal utarbeidast plan for arbeidet. Kommunen skal godkjenne planen før arbeidet tek til.*
- Arbeidet må utførast slik at det ikkje vert skadeleg avrenning under arbeidet eller etterpå.*
- Dersom det kjem fram konstruksjonar eller liknande som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding, jf. Kulturminnelova § 8.*
- Søkjjar vert godkjent som ansvarshavande for tiltaket.*
- Arbeidet skal vera avslutta og arealet tilsådd seinast 1. september 2010.*
- Kommunen skal ferdiggodkjenne tiltaket.*

Underteikna var på synfaring på Håland den 15.04. 2011 og såg arbeidet som var gjort.

Det som ein no ser er at det området søkjjar peika ut som aktuelt område går ut over det som er teikna inn som teig 1 og gjeve løyve til i kartet frå 2007.

Vedtak:

Det vert ikkje gjeve løyve til utviding av felt 1 før kommunen få tilsendt profilar over området som skal planerast.

Med helsing

Nils Kaalaas

konstituert fagleiar landbruk

Vedlegg: Kopi av kart frå søknaden innkome 14.05.2007



Planeringsforskrifta er utforma med tanke på planering av morenemassar. Det er ikkje situasjonen her. Forskrifta er laga i medhald av forurensningslova og ein må vurderer tiltaket i høve til dette.

Planeringsforskrifta krev at det vert lagt fram plan for arbeidet. Planen skal godkjennast av kommunen. Etter PBL vert det også kravt plan, og det skal vera ansvarshavande for tiltaket.

I denne saka er påfylling av teig 1 og 2 utan konflikhtar. Det vil gje meir lettdrive areal utan skjemmande endring i kulturlandskapet. Oppfylling av teig 3 vil verta svært omfattande og gje store og truleg negative endringar i kulturlandskapet. Det vil også verta fylt over ein fin bakkemur nede i søkket. Før det vert teke stilling til dette prosjektet, må det eventuelt leggjast fram plan for oppfylling og plan/skisse for utviding av driftsbygningen.

#### **Vedtak:**

Ove G. Hvidsten får løyve til å ta imot stein- og jordmassar for å heva jordbruksarealet på ca. 2 daa på gnr. 188, bnr. 6. Dette gjeld teig 1 og 2. Det vert sett følgjande vilkår:

- Det skal utarbeidast plan for arbeidet. Kommunen skal godkjenna planen før arbeidet tek til.
- Arbeidet må utførast slik at det ikkje vert skadeleg avrenning under arbeidet eller etterpå.
- Dersom det kjem fram konstruksjonar eller liknande som kan vera automatisk freda, må arbeidet stansast og kulturminnevernet få melding, jf. Kulturminnelova § 8.
- Søkjar vert godkjent som ansvarshavande for tiltaket.
- Arbeidet skal vera avslutta og arealet tilsådd seinast 1. september 2010.
- Kommunen skal ferdiggodkjenna tiltaket.

Det vert ikkje gjeve løyve til fylling av teig 3.


Vedtaket har heimel i Forskrift om anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt og Plan- og bygningsloven § 93.i.

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr Lov om off. forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut.*

*Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing



Mikal Krossøy  
fagleiar landbruk

Vedlegg: Kopi av brev frå Fylkesmann og fylkeskonservator.